



Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 03.10.2022
Møtestad: Alver rådhus - kantina
Møtetid: 12:00 - 14:35

Det var felles orienteringsmøte for RMNF og eldrerådet i kantina kl. 12.00. Deretter held RMNF fram sitt møte med handsaming av vedtakssaker.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Jan Arild Lindaas	SAFO	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Medlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Erling Jacobsen	FFO	Jannicke Helland
Edith Jørgenvik	FFO	Bente Orlen Westervik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur (teams), Hildegunn Baravelli-velferdsteknologikoordinator, Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmor, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
041/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
042/22	Godkjenning av møteprotokoll 05.09.2022
043/22	Høyring - handlingsplan mot vald i nære relasjonar

044/22 Meldingar og orienteringar til RMNF - 03.10.2022

045/22 Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland

041/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.10.2022:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

Innkalling og saksliste vert godkjent, samrøystes.

RMNF- 041/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

042/22: Godkjenning av møteprotokoll 05.09.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.10.2022:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte 05.09.2022 vert godkjent, samrøystes.

RMNF- 042/22 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 05.09.2022 er godkjent.

043/22: Høring - handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med prosessreglane i plan- og bygningslova Kap. 11 vedtek Alver kommune å sende planforslag for «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» ut til offentlig høring og ettersyn.

Høyringsperioden vert sett til seks veker.

Utval for helse og omsorg 06.09.2022:

Behandling:

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmortenesta orienterte i saka og svara på spørsmål.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Utval for helse og omsorg ber administrasjonen arbeide følgjande inn i planen:

Undervisningsopplegg for .2-10. klasse tilpassast og vidareførast inn i vidaregåande skule.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg, med tilleggsframlegg frå S. Hauge.

HO- 031/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:

I samsvar med prosessreglane i plan- og bygningslova kap. 11 vedtek Alver kommune å sende planforslag for «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» ut til offentlig høring og ettersyn.

Høyringsperioden vert sett til seks veker.

Utval for helse og omsorg ber administrasjonen arbeide følgjande inn i planen:

Undervisningsopplegg for 2.-10.klasse tilpassast og vidareførast inn i vidaregåande skule.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmor orienterte i saka og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande tilleggsframlegg frå OKK:

Administrasjonen har allereie utarbeidd ei skisse for undervisningsopplegg 2-10 klasse. OKK ser ikkje at Alver kommune har heimel for å påleggje vidaregåande skule eit undervisningsopplegg. Me synes planen er god og ynskjer å senda den ut på høyring.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

OKK- 050/22 Vedtak:

I samsvar med prosessreglane i plan- og bygningslova Kap. 11 vedtek Alver kommune å sende planforslag for «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» ut til offentleg høyring og ettersyn.

Høyringsperioden vert sett til seks veker.

Administrasjonen har allereie utarbeidd ei skisse for undervisningsopplegg 2-10 klasse. OKK ser ikkje at Alver kommune har heimel for å påleggje vidaregåande skule eit undervisningsopplegg. Me synes planen er god og ynskjer å senda den ut på høyring.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.10.2022:

Behandling:

Fellesframlegg:

RMNF støttar planen, og ser det som viktig at den vert forankra og følgd opp i alle delane av det kommunale tenesteapparatet. Særleg gjeld dette dei tenestene som rettast seg mot eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 043/22 Vedtak:

Uttale i RMNF - 03.10.2022:

RMNF støttar planen, og ser det som viktig at den vert forankra og følgd opp i alle delane av det kommunale tenesteapparatet. Særleg gjeld dette dei tenestene som rettast seg mot eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

044/22: Meldingar og orienteringar til RMNF - 03.10.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.10.2022:

Behandling:

Følgjande orienteringar som vart lagt fram i møtet:

1. Høyringsuttale - Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2025 v/Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur (teams)
2. Høyring uttale – Vald i nære relasjonar – v/Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmor
3. Prøveprosjekt - Velferdsteknologi for barn, unge og voksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsetting v/Hildegunn Baravelli- velferdsteknologikoordinator
4. Erling Jacobsen-FFO orienterte om endringar for kompensasjon av tolketenestene.

Orientering 1 og 2 vart gjevne i fellesmøte med RMNF/Eldrerådet.

Meldingar vert tekne til orientering, samrøystes.

RMNF- 044/22 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

045/22: Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.10.2022:**Behandling:**

Tittelen i saka skal vera: "*Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit*".

Fellesframlegg:

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 045/22 Vedtak:**Uttale frå RMNF - 03.10.2022:**

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

